

Ivar Nesbø
Svindalsvegen 11
5913 Eikangervåg
Tlf 56 35 4146 / 900 48 829
ivnesbo@online.no

Lindås kommune
Rådhuset

15/4182 - Innspel til trafikksikringsplan 2016

Vil med dette kome med innspel til trafikksikringstiltak for Kløvheim krins m.v.

I. Forkjørsveg Eikanger – Myking Fv 397 (Mykingvegen)

For ein del år sidan ba eg vegkontoret om at det blei skilta forskjørsveg på strekninga Eikanger – Myking pga fleire uoversiktlege vegkryss. Då fekk eg avslag hos vegetaten (på Hermannsverk) med grunngiving at det var vegkryss som ikkje hadde 90° påkjøring.

Eg ber om at krav om *forkjørsveg på strekninga Eikanger – Myking* no kjem inn i trafikk-sikringsplanen som eit tiltak for tryggare ferdsel både for gåande og kjørande.

På denne strekninga er det 5 vegkryss som det er lett å misforstå vikeplikta og har dårlig oversikt. Fire av desse vegkryssa er også brukt av barn på veg til og frå skulen.

- a. Vegkrysset på Høylandsmyr - Mykingvegen/Høylandsvegen
- b. Vegkrysset på Fammestad Sør - Mykingvegen/Reikeråsvegen (Kv)
- c. Vegkrysset Mykingvegen - skulevegen (ned for bedehuset) Kv 403 (nov. trafikks.plan 207)
- d. Vegkrysset Mykingvegen - Svindalsvegen (Kv) på Kløve (nov. trafikks.plan 205)
- e. Vegkrysset Mykingvegen - Tveitastøvegen (Kv) på Vangen

II. Andre tiltak på Fv 397 (Mykingvegen)

Mykingvegen - Kløve bru (ved Eben Eser) - for smal for 2 bilar, og farleg for fotgjengrar og bil.
Mykingvegen - strekninga Kløve - Vangen. Svært trafikkfarleg for fotgjengrar (skuleelvar m.v.)

III. Kommuneveg 403 – Skulekrysset – Fammestad N.

Skuleveg. Sikring av Øvste Kløve med autovern frå Kløvsvingen og ned til skulevegen.

Vonar at ovanståande innspel kan bli vurdert i det vidare planarbeidet.

Kløvheim 27. januar 2016

Mvh

Ivar Nesbø (sign)